

Tysk fotballjubel på Rabben

09.07.2014



Tysk sigersjubel på Rabben

**Det tyske flagget vaier over ei hytte på Rabben i morgontimane og på terrassen sit Kornelia frå Hellerstrase i Dortmund lettare opprømt etter den store fotballopplevinga i går. Ho er like forundra som alle andre over 7-1 og har ingen annan foklåring enn at tyskarane var enda sterkare enn dei plar vera og brasilianserane mykje svakare. Men ho trur at fråfallet på heimelaget spelte ei rolle.**

Kornelia er lavande interessert i fotball medan mannen Jakob definitivt ikkje er det. Han er forresten ute og fiskar på fjorden no på føremiddagen og Konelia ventar spent på fangsten.

Dortmund er slett ikkje hvilken som helst by i samband med fotball, for der har BVB Borussia Dortmund basen sin og dei er svært gode for tida. Faktisk ligg dei på andrepllassen blant dei 18 bundesligalaga, men avstanden opp til det leiande Bayern München er 19 poeng og det er i meste laget å ta igjen.

- Men eg er ingen tribuneslitar på Iduna Arena. Det vert for dyrt og vi må satsa på TV, seier Kornelia og iførar seg det ein plar dandera seg med som tribuneslitar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen